

## UTMERKINGAR I ÅRDALSTANGEN IDRETTSLAG.

Årdalstangen idrettslag har fylgjande utmerkingar:

1. *Æresmedlem*
2. *Bragdpremie*
3. *Innsatspremie*
4. *Deltakarpremie for lagidrett.*

### 1. *Æresmedlem.*

Å bli oppnemnd til æresmedlem er laget si høgste utmerking og kan tildelast særleg *fortente* medlemmar. Etter innstilling frå lags styret er det laget si høgste myndighet, årsmøtet, som utnemner æresmedlem.

Æresmedlem betaler ikkje kontingent og har gratis tilgjenge til alle arrangement som idrettslaget skipar til. Som bevis på utmerkinga får vedkomande tildelt livsvarig medlemskort og plakett med inskripsjon.

### 2. *Bragdpremie.*

Bragdpremie kan tildelast medlemmar som gjennom fleire år har utmerka seg som aktiv idrettsutøvar, i administrativt arbeid eller anna fleirårig innsats i idretten og laget si teneste. Bragdpremie, pokal med inskripsjon, kan tildelast etter vedtak i laget sitt styre.

### 3. *Innsatspremie.*

Innsatspremie kan tildelast medlemmar som i idrettsåret, innan sin idrett eller arbeidsområde, har utmerka seg med god innsats. Gruppestyra avgjer premiens art og kven som skal tildelast innsatspremie.

### 4. *Deltakarpremie for lagidrett.*

For deltaking i lagidrett skal gruppene nytta fylgjande premiering:

Aldersbestemte årsklassar t.o.m. junior:

50 kampar Diplom og merke i bronse  
100 kampar Diplom og merke i sølv  
200 kampar Diplom og merke i forgylt

Senior:

50 kampar Diplom og medalje i bronse  
100 kampar Diplom og medalje i sølv  
200 kampar Diplom og medalje i forgylt

Kampar oppnådd i aldersbestemt årsklasse kan ikkje telja med i senior. Som kampar reknar ein alle obligatoriske kampar.

Generelt:

Ein foreslår at idrettslaget får trykt sin eigen lagsdiplom.